



Haugland-laget slaktar hjort no i haust. Men valdet fekk ikkje medhald i framlegget sitt om minsteareal. (Foto: Jane Haaranes)

Minstearealet for felling av hjort blir 500 dekar med unnatak av nordre sida av fjorden der minstearealet blir 400 dekar. Dette blir truleg vedteke i kommunestyret sitt neste møte. Saka skal i forvaltningskomiteen onsdag. Haugland hjortevald i Uskedalen har gått i mot.

Den nye forskrifta skal gjelda frå og med denne jaktseasonen.

Forvaltningskomiteen vedtok i mai å leggja forskrifta ut på høyring og det er berre Haugland som ønskjer ei lågare grense for minsteareal. Frå resten av hjortevalda - 111 i talet - er det ikkje kome merknader. Dette velger administrasjonen å sjå på som at forslaget til minsteareal er i tråd med ønske frå brukarane.

Minstearealet vart diskutert med hjorterådet før saka vart sendt ut på høyring.

Minstearealet kan framleis verte redusert i åra som kjem, men i dag ligg tyngda av hjortevald omlag på snittet for minsteareal. Kommunen kan dispensera med inntil 50 prosent opp eller ned frå minstearealgrensa. Det fører i praksis til at grensa nedad er 200 dekar og oppad maks 750 dekar i dag og for dei aller fleste er dette godt innanfor behovet, heiter det i saksframlegget.

Av Ola Matti Mathisen



Hjort skote på Haugland i år. (Foto: Jane Haaranes)